



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato  
20.06.2017  
Dykkar dato  
21.04.2017

Vår referanse  
2017/895 730  
Dykkar referanse

Meland kommune  
v/Helge Kvam  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Meland kommune – Tilskot til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak i helse- og omsorgstenestene 2017**

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post med utlysingsbrev dagsett 07 mars 2017, samt kommunen sin søknad av 21. april 2017.

Tilskotet skal stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunanes eigen prioritering. Vi vil gjere merksam på at det ikkje blir gitt tilskot til inventar/utstyr i høve innovasjons søknader.

#### **Tildeling av tilskot for 2017**

Fylkesmannen tildeler samla tilskot på 810 000 kroner til Meland kommune til kompetanse- og innovasjonstiltak. Sjå vedlagt vedlegg.

#### **Reglar for klagebehandling**

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningslova § 28.

#### **Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting**

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har fått tilbake utfylt stadfestingsskjema, sjå vedlegg.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) snarast

#### **Vilkår**

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell om disponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingreglementet.

Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt søkjast overført til neste års budsjett.

Regnskapet for tilskotet skal førast separat, skilt frå det kommunale regnskap, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

### **Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon**

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løyvingreglementet.

Det er eit krav at regnskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for tilskotet skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

### **Krav til rapportering på at mål er nådd:**

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportane skal sendes oss elektronisk, og rapporteringsskjema finns på våre nettsider. Det skal fyllast ut to rapporteringsskjema, eit skjema for hele tilskotet og eit Excel ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2017
- For innovasjonsprosjekt er det krav til rapport på at mål er nådd, sjå rapporteringsskjema
- For innovasjonsprosjekt er det krav til revisorkontroll når tilskotsbrevet er meir enn kr 100 000

**Frist for rapportering er 01.03.2018.** E-post: [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

### **Ytterlegare krav til rapportering:**

Forskningsrapporter og annen dokumentasjon fra innovasjonsprosjekt under denne tilskuddsordningen skal sendes:

Senter for Omsorgsforskning, Høgskolen i Gjøvik, postboks 191, 2802 Gjøvik

E-post: [postmottak@hig.no](mailto:postmottak@hig.no)

Med helsing

Sjur Lehmann  
ass. fylkeslege/seksjonsleiar helse

Beate Helland  
rådgyvar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

Tilskotsoversikt

Stadfesting

Regelverk for kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot